



Arkivnr: 2014/2-77  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		24.03.2015

**Investeringsbehovet ved teknisk og maritim fagskule****Samandrag**

Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole har eit stort investeringsbehov som hovudsakleg er knytt til undervisningsutstyr og inventar i samband med flytting til nytt bygg. Dei maritime og tekniske fagskuleutdanningane er utstyrstunge, og det er høge krav til å ha riktig og oppdatert utstyr, både for å imøtekome krav frå sentrale myndigheiter, og for å imøtekome næringa sitt kompetansebehov.

**Forslag til vedtak**

Hordaland fagskulestyre tilrår at Opplæringsavdelinga handsamar følgjande investeringsbehov i samband med sak til Opplærings- og helseutvalet i høve fordeling av investerings- og fondsmidlar i 2015:

Skule	Ustyr	Omtale	Kostnad
Bergen tekniske fagskole	Inventar og utstyr til Haugeveien og Margaretastredet	Inventar og utstyr hovudsakleg til kantine, kontor og klasserom.	1 500 000,-
Bergen tekniske fagskole	Simulerings- og laboratoriestyr	Ustyr som er felles for alle utdanningane.	6 326 000,-
Bergen maritime fagskole	Oppgradering av Trykk kontrollsimulator - CS	Simulatoren skal flyttast i samband med nye lokale i E-blokka og må verte oppgradert.	1 382 715,-
Bergen maritime fagskole	Høgspentsimulator	Nytt krav frå Sjøfartsdirektoratet.	1 400 000,-
Bergen maritime fagskole	Visuelle kanalar til ECDIS lab	Nytt krav frå Sjøfartsdirektoratet.	1 120 000,-
Bergen maritime fagskole	Oppgradering av Engine simulator MC 90 versjon 3 til K-sim Engine	Simulatoren skal flyttast i samband med nye lokale i E-blokka og må verte oppgradert.	3 470 000,-
<b>Sum</b>			<b>15 198 715,-</b>

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Investeringsbehov - Bergen maritime fagskole
- 2 Investeringsbehov - Bergen tekniske fagskole
- 3 Investeringsbehov - Bergen tekniske fagskole - visualisering

**Fylkesrådmannen, 06.03.2015**

Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole har eit stort investeringsbehov som hovudsakleg er knytt til undervisningsutstyr og inventar i samband med flytting til nytt bygg. Dei maritime og tekniske fagskuleutdanningane er utstyrstunge, og det er høge krav til å ha riktig og oppdatert utstyr, både for å imøtekome krav frå sentrale myndigheiter, og for å imøtekome næringa sitt kompetansebehov.

Hordaland fagskulestyre vedtok 27.01.2015 at Fagskolane i Hordaland skal vere underlagt dei same retningslinene for avsetjing til frie fond som dei vidaregåande skulane. Samtidig vart det bestemt at styret skulle fremje ei tilråding til administrasjonen ved Opplæringsavdelinga i høve fordeling av midlar til investeringar. Opplæringsavdelinga fremjar eventuelt sak om fordeling til Opplærings- og helseutvalet i april 2015.

Vedlagt saka ligg oversikt over det samla investeringsbehovet ved Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole. Utstyret det er behov for, er vist i prioritert rekkjefølgje, og samla investeringsbehov ved fagskulane er på vel 32 millionar kr. I vedlegga er det også ein omtale av utstyret. I tabellen under er utstyret som det i denne omgang er størst trong for, lista opp.

<b>Skule</b>	<b>Ustyr</b>	<b>Omtale</b>	<b>Kostnad</b>
Bergen tekniske fagskole	Inventar og utstyr til Haugeveien og Margaretastredet	Inventar og utstyr hovudsakleg til kantine, kontor og klasserom.	1 500 000,-
Bergen tekniske fagskole	Simulerings- og laboratorieutstyr	Ustyr som er felles for alle utdanningane.	6 326 000,-
Bergen maritime fagskole	Oppgradering av Trykk kontrollsimulator - CS	Simulatoren skal flyttast i samband med nye lokale i E-blokka og må verte oppgradert.	1 382 715,-
Bergen maritime fagskole	Høgspentsimulator	Nytt krav frå Sjøfartsdirektoratet.	1 400 000,-
Bergen maritime fagskole	Visuelle kanalar til ECDIS lab	Nytt krav frå Sjøfartsdirektoratet.	1 120 000,-
Bergen maritime fagskole	Oppgradering av Engine simulator MC 90 versjon 3 til K-sim Engine	Simulatoren skal flyttast i samband med nye lokale i E-blokka og må verte oppgradert.	3 470 000,-
<b>Sum</b>			<b>15 198 715,-</b>